



Olav Martin Lunde
Lyngbøvegen 83
5164 LAKSEVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/4051 - 16/8160

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
21.03.2016

Gbnr 11/16 og 18 Hølleland. Melding om vedtak i sak 033/16 avslag på søknad om løyve til deling.

I sak 033/16 gjorde plan- og miljøutvalet i Lindås kommune følgjande vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

- Med heimel i pbl §20-1 bokstav m), gjev Lindås kommune ikkje løyve til dele gbnr.11/16 og 18 i tre delar, slik det er søkt om.
- Med heimel i pbl §19-2 vert det ikkje gjeve dispensasjon frå arealføremålet i gjeldande plan, og heller ikkje frå krevet om regulering. Deling av eigedommen slik det er søkt om, kan ikkje gjennomførast

Plan- og miljøutvalet - 033/16 PM - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

PM - vedtak:

- Med heimel i pbl §20-1 bokstav m9, gjev Lindås kommune ikkje løyve til dele gbnr.11/16 og 18 i tre delar, slik det er søkt om.
- Med heimel i pbl §19-2 vert det ikkje gjeve dispensasjon frå arealføremålet i gjeldande plan, og heller ikkje frå krevet om regulering. Deling av eigedommen slik det er søkt om, kan ikkje gjennomførast.

Kopi av møteboka med grunngjeving for vedtaket, følg vedlagt.

For kommunen sin handsaming skal betalast gebyr. Gebyr er krevje ut i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ for 2015, sidan saka kom inn til kommunen før årsskiftet. Følgjande gebyr vert sendt ut:



Dispensasjon frå føresegner gitt i gjeldande plan	kr.8400,-
Oppretting av eigedom	kr.6200,-

Sum	kr.14600,-

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova sine reglar. Partane kan klage til overordna mynde over vedtaket innan tre veker frå ein fekk kunnskap om vedtaket, jf. §§ 28 flg. i Forvaltningslova.

Med helsing

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Olav Martin Lunde

Lyngbøvegen 83 5164

LAKSEVÅG